

# sørfrøningen

INFORMASJONSAVIS FOR SØR-FRON KOMMUNE | **NOVEMBER 2020**

Ein annleis kvardag SIDE 4

Ny skulestruktur SIDE 8

50 stolpar på sju dagar SIDE 13

Slik blir tusenårsfesten SIDE 16

sørfrøningen

er gitt ut av Sør-Fron kommune.

**Redaktør:** Bjørn K. Sletten,
TLF 61 29 91 54
E-POST bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no

**Redaksjon:** Brit Synnøve Berge, Helene Amblie Solerød, Grete Hølmen, Anne Erdal og Tori Virik Nøvik.

**Framsidefoto:** Arne Hernæs

**Baksidefoto:** Bjørn K. Sletten

**Utforming:** Janne Kolås, Krible design

**Trykk:** Flisa trykkeri



# Landbrukssjefen er på plass

Hans Christian Elstad er ansatt som ny landbrukssjef i Sør-Fron kommune. Han ser fram til å ta fatt på en spennende utfordring.

Sør-Fron og Ringebu kommuner samarbeider om felles landbrukskontor, Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor (MGL), som har kontorlokale i kommunehuset på Sør-Fron.

Landbrukskontoret forvaltar ulike lover og tilskuddsordninger innenfor landbruket. I tillegg driver landbrukskontoret med informasjonsarbeid og rådgiving overfor gardbrukere og andre i landbruksnæringa. Landbrukskontoret har ellers sekretariat for politiske utvalg som behandler landbrukssaker.

## Er gardbruker sjøl

Kontoret har sju ansatte i tillegg til nysjefen.

– Her har jeg blitt godt mottatt av dyktige ansatte og et flott miljø, sier Elstad som bor og driver egen gård i Ringebu sammen med kone og tre barn.

Elstad ble uteksaminert på Norges Miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås i 2006, med en mastergrad innen økonomi og ressursforvaltning.

– I de siste fem årene har jeg jobbet i Fjøssystemer Bygg AS som prosjektleder innen fjøsbygging. Jeg har også jobbet innen konsulentbransjen med bygg og energi, samt at jeg har praktisk erfaring fra egen gardsdrift, forteller den nye landbrukssjefen.

## Svært sammensatt

De ansatte på landbrukskontoret har en svært sammensatt fagportefølje de skal ta hånd om. Her er alt fra jordlov, konsesjonslov, boplikt og skoglov til nydyrking, husdyrgjødsel og avlingssvikt. For å nevne noe.

Elstad er klar for å ta fatt på utfordringene.

– Landbrukskontoret har en viktig rolle i dagens forvaltningsmodell, landbruket er stadig i endring og det er mye næringen skal forholde seg til. Det blir derfor spennende og utfordrende å ta fatt på rollen som leder på landbrukskontoret i Midt-Gudbrandsdalen.



# Hva vil du at Sør-Fron være i 2035?

Kommunen er i gang med revisjon av kommuneplan og ber om innspill til planarbeidet med gode ideer og forslag til hvordan kommunen skal utvikle sine tjenester til innbyggere og fritidsinnbyggere.

Gjennom revisjonsarbeidet skal vi legge løypa for hvordan Sør-Fron, som samfunn og organisasjon, skal utvikle seg i årene som kommer.

– Før sommeren varslet vi oppstart av planarbeidet og planprogram har vært ute på høring. Planprogrammet beskriver formålet med planarbeidet, viktige problemstillinger, samt planprosessen med frister og opplegg for medvirkning. Planprogrammet kan leses i sin helhet på kommunens hjemmeside, forteller planlegger Grete Hølmen.

Kommuneplanen er kommunens viktigste styringsdokument som til enhver tid skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver.

– Planen skal være grunnlag for tjenesteområdenes planlegging og virksomhet, og en tettstedsutvikling i harmoni med kommunens samfunnsmål. Kommuneplanens består av en samfunnsdel og en areadel, sier Hølmen.



Planlegger i Sør-Fron kommune, Grete Hølmen.

## Forlenget frist for innspill

Det legges opp til medvirkning og folkemøter på nyåret, og kommunen utvider derfor fristen som var 8. september til 1. desember 2020 for innspill til samfunnsdelen og ny arealbruk (arealdel).

– Vi ønsker at innspill fra dere kan hjelpe oss med å svare på hvordan lokalsamfunnet skal bli en bedre plass å bo og leve for alle, hva som skal til for å få til vekst og utvikling, hvordan tjenestetilbudet i kommunen kan bli bedre og hvordan kommunen bør utvikle seg. Det er ingen innspill som er for store eller for små!, presiserer Hølmen.

For at kommunen skal kunne gi en god nok vurdering av innspill til arealdelen, er det satt krav til følgende dokumentasjon fra forslagstiller:

- *Kart med avgrensning av området og gårds- og bruksnummer*
- *Størrelse på areal*
- *Hva som ønskes bygd og størrelse på utbygging*
- *Hva brukes arealet til i dag*
- *Potensielle konflikter i området*
- *Begrunnelse på hvorfor de mener at området er egnet for utbygging.*

Følg med på kommunens hjemmeside for oppdatert informasjon om kommuneplanprosessen: https://www.sor-fron.kommune.no/politikk/kommuneplan/

**Planprogrammet legger opp til at følgende tema kan og bør drøftes i arbeidet mot ny kommuneplan:**

- Visjonen for Sør-Fron – "dalernes blomme"
- **Befolkningsutvikling:** befolkningsvekst eller befolkningsstabilitet, bolyst, oppvekst, levekår, folkehelse, attraktivitet, næringsutvikling, frivillighet.
- **"Det grønne skiftet":** klimaendringer og klimatilpasninger, miljø, fornybar energi, biologisk mangfold og naturverdier.
- **Samfunnssikkerhet og beredskap:** forebygge uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen.
- **Utbyggingsmønster og strukturer – endringer og nye behov:** boligbygging, fritidsbebyggelse, industri og næring, kulturminner og kulturmiljø, samferdsel, transport, trafikk og gatebruk, teknisk infrastruktur, grønnstruktur og friområde, landbruk, offentlige arealer.
- **Organisasjonsutvikling og omstilling:** velferdskommunens utfordringer, tjenestekvalitet og tjenesteutvikling, ledelse, kompetanse, innovasjon, digitalisering.

## Viktige telefonnummer

**Kommunalteknisk døgnvakt (vann og avløp):** 911 63 689

**Kommunale veier døgnvakt:** 950 39 429

**Vakttelefon bygningsdrift:** 916 15 863

**Hjemmetjenesten (hjemmesykepleien):** 61 29 92 07

**Sørheim omsorgssenter, sykeavdeling:** 61 29 92 45

**Sørheim omsorgssenter, demensavdeling:** 61 29 92 15

**Sørheim omsorgssenter, korttid:** 61 29 92 08

**Barnevernvakt (kl. 15.00–08.00 og i helgene):** 404 04 015

**Veterinærvakt Fron:** 61 29 14 00

**Mattilsynet:** 06040

**Fallvilt, politi:** 02800

**Rovvilt, juni–september (bemannet fra kl. 07.00–22.00):** 948 78 944

**Lege**
Sør-Fron legesenter 61 29 91 00
**Åpent:** mandag–fredag, 0800–1500
Nasjonalt nummer legevakt: 116 117
Øyeblikkelig hjelp 113

**Brann**
Midt-Gudbrandsdal brann- og feiervesen 61 28 31 80
Vakttelefon brannvesen lokalt: 975 88 395
Øyeblikkelig hjelp: 110

**Politi**
Fellesnummer: 02800
Midt-Gudbrandsdal lensmannskontor: 61 05 32 10
Øyeblikkelig hjelp: 112



F. v. Gunthiga Songphol, Dina Vitolina, Tove Susann Haug, Åse Widme, Siv Anita Smestadmoen, Marta Hovden, og Torill Volden.



Bergljot Mæhlum var ei av mange som fekk opplæring i nye arbeidsoppgåver.



Svanhild Nerli og Bodil Moen Rustustuen er ein del av koronatestteamet.

# Endringsvilje i praksis

12. mars 2020 stengte Norge ned. Mange av kommunens tilsette kasta seg rundt og tok fatt på heilt andre arbeidsoppgåver enn dei driv med til dagleg.

Koronakrisen sett sjølvsagt sitt preg på kvardagen på Sørheim. Da krisa var eit faktum kasta personalet seg rundt og vart med på opplæring i andre oppgåver. Som følgje av koronakrisa måtte Sør-Fron kommune førebu seg på eventuell omdisponering av tilsette, i tilfelle personalmangel.

### Opplæring på vaskeriet

Bergljot Mæhlum er til dagleg aktivitør for bebuarar på Sørheim og frivilligkoordinator i Sør-Fron kommune. Ho fekk opplæring på vaskeriet på Sørheim.

– Eg er svært imponert over høg hygienisk standard; det er det alltid, korona eller ei. Eg innser at det ikkje berre er å setja på ei maskin, seier Mæhlum.

Ho understrekar at dei tilsette på vaskeriet har mykje kunnskap om smittehandtering, her er det klåre reglar for korleis ulike typer vask skal handterast. Kvart plagg blir handtert mange gonger før det ligg reint og ihopbretta på ei tralle.

– Det er ein viktig jobb dei har i vaskeriet og dei sit på mykje kunnskap, som vi ikkje tenkjer over, eller veit om.

– Vi andre er mektig imponert over Bergljot som kasta seg rundt og vart med på opplæring som ekstra personell ved eventuell koronakrise blant personalet, seier tenesteleiar for Familie og mestring, Anita Skjeggestad Nord.

### Forsterkingar til reinhaldstroppane

Også reinhaldspersonalet står på kvar einaste dag for å hindre at andre blir sjuke. Dei har fått forsterkingar for å bekjempe koronaviruset.

Å stå på for andre er ikkje noko nytt for desse damene på Sørheim.

- Det er jo hverdagen, men med dagens situasjon må rutinene forsterkes med større frekvens og mere kjemi. Samtidig er de opptatt av beboerne de rengjør hos, og tar seg tid til å prate med dem alle, forteller renholdsleder i Sør-Fron kommune, Anja Sagen.

Til vanlig er det fem renholdere på Sørheim, men mens skular, barnehagar og badeland var stengt, vart fleire tilsette omdisponert.

– Desse damene og fleire andre reinhaldsoperatørar og reinhaldarar, er utplassert i kommunens bygg, kor dei kvar dag gjer alt dei kan for å halde dei som er på jobb friske, seier Sagen som er svært stolt av damene og jobben dei gjer og har gjort desse spesielle vekene.

### Med i testteamet

Det er ikkje berre legar og sjukepleiarar som tek del i testinga av koronasmitte i Fronskommunane.

Svanhild Nerli er fysioterapeut i kommunen, og til dagleg avdelingsleiar for fysioterapi- og ergoterapitenesta i Sør-Fron kommune. Bodil Moen Rustuen er spesialsjukepleiar og jobbar til dagleg i psykisk helse i Sør-Fron kommune.

I vår fekk dei to damene opplæring i korleis dei skal teste for koronavirus, og dei har vore ein del av testteamet som bistår på teststasjonen vi har saman med Nord-Fron kommune på Vinstra.

# Gåvmilde sørfrøningar var med på dugnaden

Gåvmilde sørfrøningar har bidratt med både støvmasker og anna beskyttelsesutstyr under koronakrisa. Legekontoret er svært takknemlege.

Vanlegvis blir støvmaskelageret til Frank Løkken og sørfronsfirmaet Injeksjon og Sikring AS brukt i arbeid med vasstetting i fjell og betongkonstruksjonar, som for eksempel Operatunnelen i Oslo og Follobanen.



Frank Løkken ovverekte gåva – på god avstand – til Elisiv Teigen, Unni Dalbu og Kristine Brenden Kolås på Sør-Fron legekontor. Foto: Bjørn K. Sletten

I vår kom dei til nytte i kampen mot koronaviruset.

- Eg såg i media at det var manko på smittevernutstyr, og tenkte at her må ein bidra med det ein kan, seier Frank Løkken, som gav bort 200 støvmasker til legekontoret

- Ei heilt uvurderleg gåve, seier dei tilsette på legekontoret i Sør-Fron.



Kai Olav Skansgård lagde visir på 3D-printaren heime.

### Heimelaga visir

Kai-Olav Skansgård frå Sør-Fron bidrog også med sitt. Sørfrøningen laga 30 visir med 3D-printeren sin, som han gav til legekontoret.

– Eg er veldig glad for å kunne bidra, seier Kai Olav Skansgård.

Visiret består av ei ramme som er laga med 3D-printer, ein skumtape frå Biltema, ein strikk og eit blankt ark. Kai-Olav fortel at versjonen han har laga er basert på teikningar som ei Facebook-gruppe har laga i samarbeid med sjukehusa.

Visira kan nyttast når legen undersøkjer pasientar som er mistenkt smitta, eller til dømes når personalet på legekontoret tek blodprøvar av pasientar som hostar og nyser.



På bildet Øyvind Haverstad, Kristine Brenden Kolås og Unni Dalbu. Audun Skattebo i Tinde har vore kontaktperson og var også med på overleveringa.

Over heile landet var 3D-printerentusiastar med på den store koronadugnaden for helsevesenet.

– Tenk kor langt ein kjem med enkle midlar og god vilje, seier Kristine Brenden Kolås på legesenteret.

### Munnbind frå Tinde

Tinde Hytter bidrog også med ein donasjon av munnbind.

– Dei ønskte å syne takksemd over jobben vi har gjort ved å gi oss dette. Dei hadde sett at smittevernutstyr var mangelvare. Vi fekk 4000 munnbind og dei hadde fleire som dei ville gi til andre kommunar og institiusjonar i dalen. Vi er svært takksame for gåva, seier Unni Dalbu ved Sør-Fron legesenter.



Ingeborg Braastad Hagen jobbar til dagleg på Helsestasjonen. I år har ho også svart koronatelefonen.

## Miniserie om korona-pandemien

Sør-Fron kommune har laga ein miniserie om dei svært spesielle dagane i mars og april 2020. Gjennom fire episodar prøver vi å vise korleis vi som kommune har jobba med koronakrisa.

### Episode 1 (10. april)

I fyrste episode stikk vi ein tur innom vaskeriet og kjøkenet på Sørheim omsorgssenter, og vi møter ei av reinhaldarane våre som har vorte flytta frå barnehagen til Sørheim.

### Episode 2 (17. april)

I andre episode av miniserien møter vi mellom anna Ingeborg på koronatelefonen, vi får eit eksklusivt blikk inn på koronateststasjonen, og vi møter ergoterapeutar og tilsette på Sørheim omsorgssenter, samt vårt eige legesenter.

### Episode 3 (24. april)

I tredje episode tek vi turen til Gålå der både næring og hytter blir tema, vi får høre om konsekvensar for ein av våre kulturarrangørar og til sist dreg vi på oss badehetta og får ei oppdatering frå Fron badeland!

### Episode 4 (30. april)

I fjerde og siste episode av handlar det om beredskap. Her får vi krisa sett frå kommuneoverlege Anders sin ståstad, beredskapskoordinator Trond fortel om kommunal kriseleiing før rådmann og ordførar pensar over på eit anna viktig tema: Flomberedskap.

Alle episodane er tilgjengeleg på Sør-Fron kommune sine heimesider, samt på YouTube.



Gro Vestues hos Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor er klar for første utlevering.

# Nå kan du kjøpe mat rett fra bonden

Landbrukskontorets matsatsing i Midt-Gudbrandsdal 2019–2020 har nå resultert i at det er startet opp REKO-ring. Det betyr at du kan kjøpe mat rett fra bonden.

I 2019 fikk Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor tildelt utrednings- og tilretteleggingsmidler for prosjektet «Matsatsing i Midt-Gudbrandsdal 2019 – 2020». Bakgrunnen for prosjektet var at landbrukskontoret i samarbeid med Fylkesmannen i Innlandet ønsket å bidra til å støtte nye og eksisterende produsenter i regionen. Gjennom en mobiliseringsperiode fram til sommeren 2020 ønsket landbrukskontoret å fokusere på to hovedsatsninger:

- *Dyrking av grønnsaker, urter, poteter, frukt og bær i Midt-Gudbrandsdalen.*
- *Utvikle matopplevelser i samarbeid med reiseliv og matprodusenter*

I vinter arrangerte landbrukskontoret et møte om produksjon av frukt, bær og grønt, med ca 40 deltagere. Korona har naturlig nok hatt konsekvenser for gjennomføringen av prosjektet. I løpet av våren ble det gjennomført et par nettkurs i samarbeid med Norsk Landbruksrådgivning og Matmerk.

Før sommerferien var det markvandring hos en grønnsaksdyrker i Øyer. I september ble det gjennomført en studietur til Lesja hos Avdem grønt og Vigga vekst. Før året, og prosjektet, er slutt, er ønsket å få til et møte med reiseliv/spisesteder for å se på mulighetene for mer bruk av lokale råvarer.

Informasjon om arrangement blir lagt ut på midtdalsbonden.no.

### REKO-ringen Ringebu

Med bakgrunn i matsatsingsprosjektet til Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor ble eksisterende og nye produsenter invitert i juni for å oppstartsmøte i juni for å avklare om det var interesse for å starte REKO-ring i Midt-Gudbrandsdalen. Det var det, og som et resultat av dette møtet ble REKO-ringen Ringebu startet opp.

– En REKO-ring er en måte å selge lokalmat direkte fra bonde til forbruker. Hver REKO-ring har sin egen Facebook-gruppe hvor bønder og andre som har ulike lokalmatprodukter til salgs, legger ut annonser med oversikt over hva de selger. De som er interessert i å kjøpe, legger igjen en kommentar med hva de ønsker. Så møtes selger og kjøper på avtalt sted til avtalt tid for utlevering av varene, forteller Helene Amblie Solerød hos Midt-Gudbrandsdal landbrukskontor.

I Ringebu skjer dette fast på fredager i oddetallsuker fra kl. 19.00 til 19.30 på parkeringsplassen ved Ringebu ungdomsskole.

– Søk opp gruppa «REKO-ringen Ringebu» på Facebook for å bli med. Produsenter kan melde seg inn «Produsentsiden for REKO-ringen i Ringebu», forteller Solerød.

## Språkkafé på Sør-Fron frivilligsentral



Det er starta opp Språkkafé for alle flyktninger som bor i Sør-Fron.

Kaféen er på Sør-Fron arbeids- og frivilligsenter, Flatmovegen 6.

Frammøte kl. 18.00. Kaféen er åpen annenhver uke, så neste dato er 4. og 25. november og 9. desember. Fem frivillige driver Språkkaféen.

– Tanken er at begge parter skal bli kjent med hverandre, flyktningene skal få praktisere språket og snakke om aktuelle tema, forteller frivilligkoordinator i Sør-Fron kommune, Bergljot Mæhlum.

Kaféen er et samarbeid mellom begge sanitetsforeningene; Harpefoss og Sør-Fron, flyktningtjenesten og frivilligkoordinator.

**Ved spørsmål, ring koordinator: 948 86 138.**





Street art-kunstner Hilde Skibenes med bildet hun donerte til TV-aksjonen.



Unge dansere fra Loftet dansestudio bidro gjennom film til å sette fokus på plastproblemet.



Gudbrandsdalens største TikTok'er, Anne Lene Brendløkken ble engasjert av Sør-Fron kommunes kommunekomite for å skape engasjement.

# Tok krafttak for hav, dyr og mennesker




Årets tv-aksjon «Et hav av muligheter» gikk av stabelen 18. oktober. TV-aksjonen samlet i år inn penger for å bekjempe plast i havet gjennom å etablere og forbedre eksisterende avfallssystemer for mer enn 900 000 mennesker.

I samarbeid med lokalbefolkning, myndigheter og næringsliv skal midlene fra tv-aksjonen bidra til å redusere utslipp av plast til elver og hav med 7000 tonn årlig. Det skal samles inn og resirkuleres søppel som i dag ender opp i naturen og redusere bruken av unødvendig plast.

Med midler fra TV-aksjonen starter man der problemet er størst: En fjerdedel av plasten i havet kommer fra Sørøst-Asia. Derfor er TV-aksjonsmidlene øremerket tiltak i Indonesia, Vietnam, Filippinene og Thailand.

Åtte millioner tonn plast havner i havet hvert år. Plasten truer ikke bare dyrelivet, men også oss. Med konkrete tiltak der problemene er størst, skal årets TV-aksjon ta plasten ved rota.

### Digitale bøsser

Kommunekomiteen i Sør-Fron bestående av Bjørn Kjellsson Sletten, Svein Rune Jetlund, Martin Været og Anne Erdal satte i høst i gang arbeidet med å samle inn penger.

– I år måtte man tenke nytt, da en fysisk bøssebæreraksjon ikke var mulig å gjennomføre, grunnet korona, forteller sekretær for komiteen, Anne Erdal.

Via Spleis ble det opprettet en digital bøsse og en informasjonsartikkel på kommunens hjemmesider ble opprettet. Det ble også opprettet egne facebook- og instagramsider for å nå ut med informasjon og engasjere lokalt.

– Opptil flere i Sør-Fron opprettet sin egen digitale bøsse, der de samlet inn penger. De delte bøssa med venner, familie og naboer via sosiale medier, på sms og per telefon, forteller Erdal.

### Ildsjeler

Det var i tillegg noen ekstra engasjerte ildsjeler som ville belyse denne viktige saken og bidra med det de kunne.

– Loftet dansestudio lagde en energisk dans og filmet dette på Frya Miljøstasjon. Om du ønsker å se videoen, ligger denne publisert på Sør-fron kommune sin facebookside. Street art-kunstner Hilde Skibenes som driver Galleri 54 i Sør-Fron, donerte et skilpaddemaleri hun hadde malt som en påminnelse til oss alle, for alt det vakre vi har i havet og som vi står i fare for å miste, sier Erdal.

Maleriet var laget av gjenbruksmaterialer fra Gudbrandsdalen og ble auksjonert bort 18.oktober, der hele summen gikk uavkortet til tv-aksjonen.

Gudbrandsdalens største tiktok'er Anne Lene Brendløkken brukte sin plattform for å nå ut til ungdommen å oppmuntre de til å bli digitale bøssebærere. Med sine 114.000 følgere på den digitale flaten, nådde hun ut til mange som viste sitt engasjement ved å donere penger til hennes digitale bøsse.

– De digitale bøssene er åpne ut desember måned og om du vil se mer av hva aksjonen gikk ut på, eller du ønsker å donere til årets tv-aksjon, kan du se mere informasjon på følgende digitale flater: tvaksjonen_sorfron (Instagram), tvaksjonen sorfron (Facebook), eller gå til www.blimed.no.

I skrivende stund er det samlet inn kroner 72 097,- i Sør-Fron.

# Arbeidet med ny skulestruktur er i gang

Sør-Fron kommunestyre fatta den 20.02.2020 vedtak om å starte opp og gjennomføre eit arbeid som skal resultere i forslag til ein heilhetleg plan for ny skulestruktur i kommunen.



Skulebruksplanutvalet på befaring: Framme frå venstre: Amund Rudi, Rune Fromreide Sommer, Svein Sletten. Bak frå venstre: Tori Virik Nøvik, Hanne Monshaugen, Eva Sissel Nyhus, Viktorija Luksiene, Trond Sønsteli, Svein Ove Ånsløkken, Anders S. Breiseth (vara for Kristin Vold Lexander). Karoline Kluften og Emil Peter Rolstad var ikkje til stades.

Arbeidet er forankra i eit breidt samansett utval for å gi kommunestyret eit best mogleg beslutningsgrunnlag.

– Intensjonen er å tilpasse skulestrukturen i kommunen til framtidig grunnutdanningsbehov ut frå elevtal, læring, trivsel og økonomi. Sør-Fron kommune skal ha ein skulestruktur som er berekraftig og framtidsretta både når det gjeld drift og innhald, seier pedagogisk rådgjevar i Sør-Fron kommune, Tori Virik Nøvik.

Formannskapet har engasjert eit eksternt konsulentselskap, RIK arkitektur/WSP Norge AS, til å utarbeide ein skulebruksplan. Arbeidet skal resultere i ein ferdig skulebruksplan innan utgangen av 2020.

Konsulentselskapet skal, med bakgrunn i nasjonale rammer for skulebygg, rammene sett av kommunestyret og informasjonen som er innhenta gjennom mellom anna skulebruksplanutvalet, foreslå ny skulestruktur i kommunen. Den endelege skulebruksplanen skal fremjast for kommunestyret som gjer vedtak, seier Nøvik.

## Utvalets mandat

Sør-Fron kommunestyre beslutta å forankre arbeidet i eit breidt samansett utval.

Skulebruksplanutvalet skal følge opp arbeidet med skulebruksplanen og sikre politisk styring og brukerinvolvering. Arbeidet med skulebruksplanen skal ta utgangspunkt i kommunens økonomiske rammer og elevtalet i åra framover, samstundes som trivsel og læring skal vektleggjast. Utvalet har ikkje beslutningsmyndigheit, men skal vere eit rådgjevande organ.

Utvalet består av politisk representasjon (éin frå kvart parti i kommunestyret), rådmann, ungdomsrepresentant, lærarrepresentant, tillitsvald og foreldrerepresentant.

## Framdrift

Konsulentselskapet har vore på befaring på skulane og aktuell tomt på Flatmoen som kan vere eit alternativ for ny skule. Dei har også fått «Statusrapport fra arbeidsgruppa som utreder framtidig skolestruktur i SFK». Rapporten inneheld informasjon om dagens skulestruktur med fokus på busetjing, driftskostnadar, arealar med meire. Administrasjonen har



Formannskapet har engasjert eit eksternt konsulentselskap, RIK arkitektur/WSP Norge AS, til å utarbeide ein skulebruksplan. I september deltok dei på folkemøte på kulturhuset.

bidrege med kart og annan informasjon i tillegg.

Skulebruksplanutvalet har hatt tre møter i vår. I det første møtet presenterte RIK arkitektur/WSP Norge AS seg sjølve, og sine tankar etter befaringa i mai. Dei viste også til «Vegkart for universelt utforma nærskule 2030» (retningsliner frå Bufdir) som må vektleggjast inn i arbeidet.

Vidare har utvalet hatt eit møte med gjennomgang av mandat og framdriftsplan for arbeidet. Utvalet har også hatt befaring på skulane og aktuelle tomter.

Utvalet sitt mandat er å bistå konsulentselskapet med å innhente så brei informasjon som mogleg slik at dei har eit godt og nøytralt grunnlag for sine anbefalingar i den endelege skulebruksplanen. Utvalet har også bistått konsulentselskapet i å organisere møter med involvering av interessegruppene i september/oktober.

RIK arkitektur/WSP Norge AS skal presentere skulebruksplanen for kommunestyret i oktober/november.



Elevar frå alle skulane i Sør-Fron deltok på workshop med konsulentselskapet.

# Gamal og ung skal høyrast

I arbeidet med ny skulestruktur er det lagt stor vekt på medverknad.

I slutten av september inviterte derfor kommunen til folkemøte om arbeidet som nå er i gang. Agendaen for møtet var å orientere om pågåande arbeid med skulebruksplanen, framtidas skule, presentasjon av alternativ og kriterium for vurdering. Mange møtte opp trass covid19-restriksjonar og bidrog mellom anna gjennom digitale attendemeldingar live under møtet.

## Elevane tatt med på råd

Tidlegare same dag var det elevane på dei ulike skulane som fekk sagt sitt.

– Elevråda ved skulane våre er viktige deltakarar i arbeidet med skulebruksplanen. Alle elevråda var difor samla i Kulturhuset i nærare to timar for å få informasjon, og bidra med sine innspel og betraktningar rundt ny skulestruktur og framtidas skule i Sør-Fron, seier pedagogisk rådgjevar Tori virik Nøvik.

Hovudfokus i denne workshoppen var korleis dei likar å lære, korleis dei meiner ein god skule skal vere og kva som skal til for at dei skal trivast og lære godt.

– Resultatet vart ei rekkje gode innspel som konsulentselskapet tek med inn i vidare arbeid med skulebruksplanen. Elevråda fekk også med seg arbeid attende til klassene sine, slik at alle elevane fekk informasjon og moglegheita til å bidra med synspunkt. Dette vert sendt inn til konsulentselskapet, fortel Nøvik.



Gjengen på badeland i gang med reingjering.

## Ein skinnande rein 10-åring

Aldri så gale at det ikkje er godt for noko: 10-årsjubileet for Fron Badeland vart annleis enn ein såg for seg. Men reinare har det ikkje vore sidan det var nytt!

Fron Badeland fyller 10 år i 2020 og planen var sjølvsagt å markere jubileet. Som vi veit: Festen måtte utsettes. Men da dørene måtte stenge grunna covid19-pandemien i mars, nytta dei tilsette høvet til å gjere små og store utbetringar.

Badeland har normalt stengt ein gong i året for reinhald og vedlikehald.

– Den spesielle situasjonen i år framskynda stengevekene nokre månader og gav Fron Badeland betre tid enn tidlegare til både reinhald, vedlikehald og utbetringar, seier dagleg leiar Stian Stø Dørum.

### Nysteikt pizza

Fron Badeland har alltid vore omtala som eit svært reint badeland. Nå er det – om mogleg – enda reinare.

- Alle basseng, sklier, klatrevegg, garderobar og utsette områder er naturleg nok vaska og skura grundig. I tillegg er det mellom anna pussa stål i heile anlegget, fjerna rust, rydda og vaska utstyr og leikar på alle utstyrsrom i svømmehallen, opplyser gjengen på badeland.

Men reinhald er ikkje det einaste nye på badeland i jubileumsåret – nytt boblebad er på plass, i tillegg til ei nyvinning i kafeen.

– Vi har bygd om kjøkenet vårt, mellom anna for å kunne servere pizza, det håper og trur vi blir eit svært populært tilbod, avsluttar Dørum.



Byggetrinn 3 ved Frya Renseanlegg bliur sluttført i 2021.

## Ruster renseanlegget for framtida

Etter flere omfattende byggetrinn er Frya Renseanlegg i løpet av neste år ferdig rusta for framtida.

Frya Renseanlegg er et interkommunalt renseanlegg for avløpsvann, eid av kommunene Ringebu, Sør-Fron og Nord-Fron. Sør-Fron kommune har driftsansvaret for anlegget. Anlegget ble etablert i 1990 for å rense avløpsvannet fra Frya-området inkl. Tine meieriet og fra Venabygdsfjellet.

– I år 2000 ble 2. byggetrinn gjennomført, for å kunne rense alt avløpsvann fra Sør-Fron kommune og deler av avløpet fra Vinstra Renseanlegg, forteller Åge Øverjordet, kommunalteknisk leder i Sør-Fron, og daglig leder for Frya Renseanlegg.

Via Vinstra Renseanlegg går også alt avløpet fra Fefor og Gålå, før det pumpes videre gjennom Sør-Fron til Frya.

– Nå i 2020 er 3. byggetrinn under utførelse, for å kunne motta alt avløpsvann fra Vinstra Renseanlegg og i fremtiden også Ringebu Renseanlegg, sier Øverjordet.
Ombyggingen utføres av totalentreprenør Krüger Kaldnes AS fra Sandefjord.



Fra arbeidet med ombyggingen.

### Bevisst sitt miljøansvar

I og med at det er 30 år siden anlegget ble etablert, er det også stort behov for å utføre en del arbeidsmiljøtiltak.

Da det byttes til en renseteknologi som er mer areal-/volumeffektiv enn dagens løsning, er det ikke behov for å utvide bygningsmassen.

Frya Renseanlegg er bevisst på sitt miljøansvar, og tilstreber å opprettholde full renseeffekt under hele ombyggingsperioden.

– Anlegget skal etter planen stå ferdig ombygd og klart til drift siste halvår 2021, og skal da være rustet til å ta hånd om avløpsvannet fra Midt-Gudbrandsdalen i overskuelig fremtid, avslutter Øverjordet.



## Digitale byggesøknader for privatpersoner

Bedrifter og privatpersoner oppfordres til å levere sine byggesøknader digitalt til kommunen.



Sigrid Steig, Håvard Haugen og Konrad Trettengen ser fram til å få flere digitale byggesøknader.

Privatpersoner kan nå levere enkle byggesøknader helautomatisk til kommunen. Nye, digitale løsninger for byggesøknader gjør det enklere å levere komplette søknader som gir raskere saksbehandling.

eByggesøk (ebyggesok.no) fra Norkart AS vil bidra til å gjøre det enklere for deg som skal søke ved å veilede deg gjennom hele søknadsprosessen fra start til slutt.

– I første omgang er det enkle tiltak som bruksendring, bygge garasje/uthus og andre mindre endringer på eiendommen som ikke krever ansvarsrett) som er tilgjengelige, men etter hvert vil alle søknadstyper også for privatpersoner bli tilgjengelig her, forteller Konrad Trettengen på Plan og bygning i Sør-Fron.

Du kan også nabovarsle ditt tiltak digitalt. Løsningen har vært komplett for bedrifter siden april 2020.

På kommunens hjemmeside kan du lese mer om digitale byggesøknader fra Norkart.

### Hvorfor digital byggesøknad?

For at kommunen skal kunne behandle byggesøknaden må denne være komplett. Ved å sende byggesøknaden og nabovarselet digitalt sparer man både tid og penger. I tillegg kontrolleres søknaden opp mot regelverket og sjekkpunkter som Direktoratet for Byggkvalitet har utarbeidet, slik at det vil være enklere for privatpersoner å sende inn komplette søknader.

– Dette medfører at kommunene ikke behøver å bruke like mye tid og ressurser på å veilede tiltakshaver eller å be om tilleggsdokumentasjon, og kommunene kan dermed kan bruke mer tid og ressurser på å behandle søknader og på å føre tilsyn, sier Trettengen.

Du kan lese mer om markedets løsninger for digitale byggesøknader på Direktorate for byggkvaltitet sine hjemmesider dibk.no/fellestjenester-bygg.

### e-Torg – Kommunens nettbutikk for salg av kart-, eiendomsdata og byggesakstjenester

På e-Torg finner du digitale kart, 3D-modeller, nabovarsel, eiendomsinformasjon – og mange andre nyttige produkter, som gjør hverdagen enklere både for innbygger og næringsliv.

e-Torg gjør ting enklere og sparer deg for masse tid til innhenting av kart- og eiendomsinformasjon fra kommunen. e-Torg er tilgjengelig på alle plattformer, og er åpent 24/7, og har alltid kommunens mest oppdaterte- og offisielle data. e-Torg for Sør-Fron kommune er tilgjengelig her: sfron.e-torg.no

SØR-FRON FRIVILLIG SENTRAL

### Gjenopna demenskafé

Open kafé for personar med demens og deira pårørande har starta opp att.

Kaféen er i kapellet 20. oktober og 17. november, kl. 11-–3.

Sosialt samver med kaffe og biteti er viktig, men vi har òg allsang og hjernetrim i form av ordtak og spørsmål. Frammøte kl. 11, gratis. Inga påmelding. Velkommen!

Arr: Aktivitetsvenner i Sør-Fron, Midt-Gudbrandsdal demensforening og Sør-Fron frivilligsentral.

**Ved spørsmål ring frivilligkoordinator på tlf: 948 86 138.**


Slik ser kunstnaren Anders Kvåle Rue for seg at klubbeslaget såg ut.

# Historia om kommunevåpenet vårt

Kommunen får av og til spørsmål om kva kommunevåpenet vårt symboliserer. Dei fleste av oss som bur her, veit det – men kva med alle dei andre?

Fastsetting av kommunevåpen kan i Norge gjerast av kommunen sjølv. Inntil 2018 kunne kommunen be om godkjenning i kongeleg resolusjon. Og Sør-Fron sitt kommunevåpen var godkjent av Kongen i statsråd 4. mars 1988. Men kommunevåpenet var tatt i bruk før det – på framsida av Sørfrøningen frå oktober 1987 er våpenet vi kjenner så godt på plass.

## Men kva er det?

Våpenet er «På grønn grunn ei skråstilt sølvklubbe», og er teikna av Amund Rudi. På flagg og trykksaker/papir er klubba ofte kvit.

Klubba skal minne om den klubba Kolbein Sterke brukte i år 1021 da kong Olav Haraldsson (seinare Olav den Heilage) møtte dølane og Dale-Gudbrand på Hundorp. Dette møtet er kjent frå Snorre si kongesoge, og blir på ny aktualisert til neste år, da vi feirer tusen år sidan «klubbeslaget» på Hundorp.

Snorre skriv at Olav sa «sjå der kjem vår gud med mykje ljos». Dale-Gudbrand og bøndene såg mot sola som akkurat da stod opp over Steig. Kolbein tok klubba og slo i stykker torsguden deira. Etter dette vart dølane kristna, i følgje Snorre.

## Mange forslag

Men vi kunne også enda opp med eit anna kommunevåpen. Som seg hør og bør vart det arrangert konkurranse, og bidraga som kom inn var både mange og oppfinnsame. Vi har funne att nokre av dei, og syner her eit utval av forslaga:


BRU


GRAVHAUG


HESTESKO


HJULET


LÅGEN


RAUDOST



# Tobias og Knut Jostein fyrst til 50!

Tobias Bjørkhaug og Knut Jostein Lufall bestemte seg i fjor: I 2021 skulle dei bli fyrstemann til 50 stolpar på Stolpejakten.

Og etter knapt ei veke med Stolpejakten 2020 var fyrstemann i mål med 50 stolpar rundt sankthans. 16 år gamle Tobias Bjørkhaug frå Vinstra og turkamerat Knut Jostein Lufall som er sambuar med Tobias si bestemor, tok stolpe nr 50 sju dagar etter at jakta starta.

– Da avslutta vi Stolpejakten med den lengste turen, til Vulutjønn, seier to glade turkameratar. Da hadde Bjørkhaug og Lufall lagt bak seg ei hektisk veke, med 200 000 steg på skrittellaren, og 50 flotte turar i Sør-Fron kommune.

Det høyrer med til historia at Sør-Fron kommune måtte fjerne stolpen ved Vulutjønna rett etterpå, på grunn av omsyn til villrein.

– Det er vanskeleg å rangere turane, for det er utruleg mange fine turmål, men for min del har nok Storhøpiggen og Dørdalsknappen utmerka seg, seier Knut Jostein, opphaveleg trønder.

– Det er fyrst nå, gjennom Stolpejakten, at eg har vorte godt kjent i nærområdet her, seier han.

## Bestemte seg i fjor

Tobias og Knut Jostein tok alle stolpane i fjor også.

– Dei siste tok vi siste helga i oktober. Da bestemte vi oss for at i år skulle vi prøve å vera fyrst til 50, smiler dei to.

Knut Jostein og Tobias innrømmer at dei eigentleg ikkje hadde trua på at dei skulle klare alle stolpane i løpet av ei veke.

– Det var hektisk, men vi har tatt det som ein tur, kosa oss med niste på stolpejakten, avsluttar Lufall og Bjørkhaug.


Tobias Bjørkhaug og Knut Jostein Lufall var fyrst ute til 50 stolpar i 2020.

## Har du tips til nye stolpepunkt neste år?

Vi tek gjerne imot gode forslag til nye fine plasseringar av stolpane! Det kan vera enkle turar, toppar i kommunen eller gøymte og gløymte kulturminner og skattar rundt omkring i bygda.

Send ein e-post til bjorn.sletten@sor-fron.kommune.no.

## Enorm deltaking

Det er FYSAK-gruppa i Sør-Fron kommune som står bak Stolpejakten. Gruppa består både av tilsette i kommuneadministrasjonen, politikarar og representantar frå idretten. Tenesteleiar for kultur og næriong i Sør-Fron, Bjørn K. Sletten, seier responsen på årets Stolpejakt har vore enorm.

– Det er vel kanskje ein kombinasjon av at jakta nå verkeleg har «sett seg» i befolkninga, og det faktum at mange tilbrakte enda større del av sommaren heime, som gjer at vi i år har større deltaking enn nokon gong, seierr Sletten.

Totalt har i underkant av 3000 stolpejegarar stått for over 25.000 besøk på dei femti stolpane i Sør-Fron frå 15. juni til 1. november.

– Det er enormt bra, og eg er ikkje tvil om at dette har effekt på folkehelsa. I tillegg bidreg dette til at folk blir kjent i nærmiljøet og vi får synt fram alt det flotte vi har her i Sør-Fron, seier Sletten.

### Kva er Stolpejakten og korleis kan du delta?

- Stolpejakten går ut på å finne stolpane som er plassert ut på fjelltoppar og i nærmiljø – registreringa skjer ved at ein skannar kodane på stolpen. Alt du treng å gjere er å registrere deg på stolpejakten.no. Der kan du og legge inn familiemedlemar, slik at eit barn på fem år utan mobiltelefon også kan få registrert sine stolpar.
- Inne i appen finn du også informasjon om dei forskjellige stolpepunkta, og korleis du enklast kjem deg dit.
- Om du vil ha fysiske kart over stolpepunkta, kan du laste ned og skrive ut det på Sør-Fron kommune si heimeside. Du kan også henvende deg til servicekontoret eller biblioteket for å få hjelp med kart.
- Stolpejakta i Sør-Fron varar frå 15. juni–1. november.

**Send oss dine Stolpejakt-bilde! Når stolpejakten 2021 startar opp vil vi gjerne ha tilsendt foto frå turen. Dette kan du sende på Facebooksida Stolpejakten i Sør-Fron, eller tagge på sosiale medium med #StolpejaktSorFron**

# Månedlig faktura av kommunale eiendomsavgifter

Sør-Fron kommune tilbyr nå månedlig fakturering av kommunale eiendomsavgifter. Tilbudet om månedlig faktura er valgfritt. Fakturering over tre terminer er standard.

→ **Forutsetning for å få månedlig faktura:**

- *Du må motta fakturaer digitalt enten gjennom Avtalegiro, eFaktura, Vippsfaktura, digital postkasse, eller e-post.*
- *Årlige kommunale avgifter må overstige kr 3.600,-.*

→ **Overføring fra tertialvis faktura til månedlig faktura må tilpasses kommunens ordinære tertialvise fakturering.**
Dette innebærer at dersom det er utstedt faktura for et tertial, kan ikke månedlig faktura starte før perioden er ferdig. Har du mottatt faktura for perioden 01.9.2020-31.12.2020 og melder inn at du ønsker månedlig faktura, vil månedlig faktura starte fra og med 01.01.2021.

→ **Ved salg av eiendom vil avtale om månedlig faktura følge med over til ny hjemmelshaver.**

→ **Månedlig faktura har forfall den 20. i hver måned.**

→ **Fakturaer over tre terminer har forfall slik:**

- *1. termin gjelder fra 01.01 til 30.04: forfall 20. februar*
- *2. termin gjelder fra 01.05 til 31.08: forfall 20. juni*
- *3. termin gjelder fra 01.09 til 31.12: forfall 20. oktober*

→ **Dersom månedlige fakturaer ikke blir betalt ved forfall, vil denne avtalen bli slettet og tertialvis fakturaer blir sendt ut igjen.**

### Hvordan går du fram dersom du ønsker å gå over til månedlig faktura:

- *Fyll ut elektronisk skjema, som du finner på kommunens hjemmeside:* https://www.sor-fron.kommune.no/tjenester/okonomi/faktura-fra-sor-fron-kommune/kommunale-eiendomsavgifter/. *Vi foretrekker at alle som har mulighet til det registrerer seg her. Skjemaet er enkelt og tar under 1 minutt å fylle ut.*
- *Har du ikke mulighet til å fylle ut skjemaet? Ring oss på telefon 61 29 90 00. Oppgi navn, telefonnummer, hvilket gårds-og bruksnummer og adresse avtalen gjelder.*



## Saniteten gir sykkelhjelmer til førskolegruppa

Tradisjonen tro har saniteten gitt sykkelhjelmer til barna i førskolegruppene i Liene og Harpefoss barnehager.

Vanligvis er det representanter fra saniteten som deler ut hjelmene, men på grunn av smitteverntiltak var det de ansatte som delte ut til barna. En voksen fra hver kohort delte ut til sine barn i gruppa ute.

Pedagogisk leiar i Liene barnehage, Karoline Kluften, forteller at barna synes at dette var stor stas og var veldig fornøyde med splitter nye sykkelhjelmer.

– Vi setter stor pris på alt saniteten gjør for oss i Liene barnehage, og ikke minst den store jobben med å smøre mat til hele barnehagen hver dag i den utfordrende tida vi er inne i. Dette gjør at puslespillet i barnehagen er lettere å pusle sammen hver dag. Tusen takk!





## Flere kan få bostøtte

Den øvre inntektsgrensen for å motta bostøtte er midlertidig økt slik at flere som er rammet økonomisk av koronapandemien kan få rett til støtte. På Husbankens nettsider kan du enkelt sjekke om du eller noen du kjenner kan få bostøtte.

Stortinget har vedtatt å styrke bostøtten midlertidig med 500 millioner kroner fram til utgangen av oktober. Formålet er å bistå husstander med lave inntekter som rammes økonomisk av koronapandemien. Ekstrabevilgningen vil kunne medføre at om lag 13 000 husstander ekstra kan få bostøtte som følge av økte inntektsgrenser eksisterende bostøttemottakere vil kunne få om lag 600 kroner mer i bostøtte i måneden i gjennomsnitt.

## Endring av åpningstidene ved NAV Midt-Gudbrandsdal

NAV-kontoret sine åpningstider f.o.m. onsdag 17. juni er slik:
Døgnåpent: www.nav.no
**Chat med din veileder på DittNAV:** kl 08.00–15.30 hver dag, på telefon 55 55 33 33
**Fysisk møte etter timeavtale** kl 08.00–15.30 hver dag
**Drop-in (uten avtale), Nedregata 50, Vinstra**: onsdag: kl. 09.00-12.00
man-/tirs-/tors- og fredag : stengt

## Sør-Fron frivilligsentral har fått egen nettside

Sør-Fron frivilligsentral får nå egen nettside, slik mange av landets frivilligsentraler har. Ønsker du å vite mer om frivilligsentralen, gå inn på: https://sor-fron.frivilligsentral.no/




## Digitalt nasjonalt lånekort lansert

Nasjonalbiblioteket lanserer nå sammen med Bibliotek-Systemer As digitalt nasjonalt lånekort.

Dette er et fullverdig nasjonalt lånekort som lånere uten nasjonalt lånekort fra før kan skaffe seg ved å registrere seg på nb.bib.no.

Tjenesten krever at man identifiserer seg ved hjelp av ID-Porten (MinID, BankID, m.fl.). Som digital nasjonal låner har man tilgang til nasjonale bibliotektjenester som f.eks. Filmbib. For å få tilgang til tjenester ved lokalt bibliotek må man kontakte biblioteket for å knytte seg opp.

Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap

## Kan bedriften din redusere renovasjonsutgiftene?

Dersom din bedrift er kunde hos Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap er dette en påminnelse om at det er mulig å endre tømmefrekvensen for dine beholdere. De fleste av deres næringskunder ligger inne med en fastsatt frekvens, som er basert på normal driftssituasjon. Normal drift er for mange ikke tilfelle i disse tider.

Les mer om ordningen og hvordan du går fram på Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap sine hjemmesider.



## Skatteoppkrever blir statlig fra 01.11.2020

Fra 1. november 2020 overtar Skatteetaten ansvaret for skatteoppkreveroppgavene som kommunen har i dag. Skatteetaten vil med dette få et helhetlig ansvar for fastsetting, innkreving og kontroll av skatter og avgifter. Etter denne datoen er det ikke lenger skatteoppkrever (kemner) i kommunen.

Mer informasjon vil bli lagt ut på våre nettsider og på skatteetaten.no.

Oppgavene som overføres til Skatteetaten i november er blant annet behandling av restskatt, skattepenger til gode, tilleggsforskudd, forskuddstrekk, arbeidsgiveravgift, motregning og utleggstrekk knyttet til skattekrav, skatteattester og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.

## Tilskuddsordning for etablering av ladestasjoner for elbiler

Innlandet fylkeskommune har lyst ut midler til etablering av ladestasjoner for elbiler i fylket. Alle som disponerer en parkeringsplass som er tilgjengelig for offentligheten kan søke om støtte.
Dette betyr at om du disponerer en parkeringsplass som er tilgjengelig for offentligheten kan du søke om etablering av ladestasjon for elbiler.

## Tom for plastsekker?

Mange husholdninger er i ferd med å gå, eller har gått tomme for plastsekker til returplast.

Det jobbes med å få plastposer for returplast, matavfall og ekstrasekk for restavfall ut i dagligvarebutikkene.

Enn så lenge vil det være mulig å hente dette direkte på våre betjente miljøstasjoner, eller ved å ta kontakt med en av våre renovatører.

Hundorp 2021

# Slik blir tusenårs-festen

Musikkoratoriet Signe frå Bjølstadmo, berekraftsting for barn og unge, Ragnarock, gjenstandsutstilling og Vikingdag er nokre av høgdepunkta i jubileums-prosjektet Hundorp 2021.



Biskopen I Nidaros kom med vikingskip til Hundorp der ho vart møtt av biskopen i Hamar. Saman gjekk dei opp til tunet på Dale-Gudbrands gard og tente bål med olskokflammen frå Stiklestad.

Laurdag 12. september vart programmet for Hundorp 2021 lansert under årets Vikingdag på Hundorp.

Du kan sjå heile programpresentasjonen på www.hundorp2021.no.

– Tre års planlegging skal nå omsettast i praksis. Dette blir både utruleg spennande og veldig morosamt, seier prosjektleiar for Hundorp 2021, Bjørn K. Sletten.

Under årets Vikingdagar på Hundorp fekk publikum ein liten smakebit på neste års tusenårsmarkering. Eitt av høgdepunkta denne dagen var at biskopen i Nidaros kom med vikingskip til Hundorp der ho vart møtt av biskopen i Hamar. Saman gjekk dei opp til tunet på Dale-Gudbrands gard og tente bål med olskokflammen frå Stiklestad.

## Mange høgdepunkt

Jubileumsåret kjem til å bestå av 50-60 små og store arrangement gjennom heile året, og blir innleia i januar, med oppstart av arrangementsturneen «No ljosnar Gudbrandsdalen». Turneen er eit samarbeid mellom jubileet, Gudbrandsdalsmusea, Gudbrandsdal historielag og Hundorp kultur, og går over tolv månader, gjennom dei tolv kommunane i heile Gudbrandsdalen.

I februar er det klart for Sør-Fron kommune sin kulturkveld. Tema for kvelden blir «Kulturmøte og endring».

DKS-forestillinga «Fake news – frå Snorre til Trump», eit samarbeid mellom Hundorp 2021 og Innlandet fylkeskommune som i 2020 var på turne i Sel, Valdres og Midt-Gudbrandsdalen, skal vinteren 2021 ut på turne til 25 nye skular i Innlandet.



Eitt av dei store prosjekta under Hundorp 2021 er tingstadprosjektet Hove – Hundorp, der ein med georadar prøver å avdekke kva som skjuler seg under overflata på gardane.

I april blir det premiere på Fron kulturskule si 2021-satsing.

I mai er det klart for Bispevisitas i Sør-Fron og kyrkjemøte i regi av Hamar bispedømme. Dette er to av mange satsingar kyrkja gjennomfører i jubileumsåret.

I midten av juli startar pilegrimsvandringar både frå nord og sør, i samarbeid med pilegrimssentra på Dovrefjell og Dale-Gudbrands gard. Den frå nord vil gå i Olavs fotspor – den same reisa som han tok i 1021. Båe vandringane endar på Hundorp 28. juli.

Under Olsok, i månadsskiftet juli – august, er det klart for den verkelege storsatsinga: Tusenårsfesten på Hundorp.



Leiar i styringsgruppa for Hundorp 2021, Ole Tvete Muriteigen, og prosjektleiar for Nasjonaljubileet Norge i tusen år, Borghild Lundeby, signerer her samarbeidsavtale mellom Hundorp 2021 og Nasjonaljubileet.

## Storstilt tusenårsfest

I 1921 var 8000 menneske samla til 900-årsfeiring.

– Kanskje får vi ikkje lov til å samle like mange denne gongen, men målet er uansett ein fest ingen skal gløyme. Tusenårsfesten vil gå over tre dagar, 29., 30. og 31. juli i 2021. Torsdag 29. juli er temaet fortid, fredag 30. juli er temaet nåtid, mens laurdagen er vigd framtida. Høgdepunktet torsdagen blir musikkoratoriet «Signe frå Bjølstadmo», skrivi av Hans Løkken og Hans Rotmo. Her er lokale korps og spelemannslag med, saman med Trondheimsolistene, seier prosjektleiar Sletten.

Fredag blir det myldredag med små talkshow, foredrag og konsertar, mens laurdagen blir den store framtidsdagen, der skuleungar og -ungdomar frå heile Innlandet samlast til berekraftsting på Hundorp. Vikingskip kjem opp Laugen, og dagen blir avslutta med musikksatsinga «Ragnarock».

## Sjølvsagt Vikingdag

I 16 år har Sør-Fron kommune arrangert Vikingdagar for alle sjetteklassingar. I 2019 vart arrangementet utvida med ein ope familiedag for alle. Dette vart vidareført i 2020 og sjølvsagt i jubileumsåret. I tillegg legg Hamar bispedømme sine fagdagar til Hundorp i september 2021.

Dei lokalhistoriske årbøkene er årvisse julegåver, og spelar ikkje minst ei svært viktig rolle som historisk kunnskapsbase og vår kollektive hukommelse. Årbøkene hausten 2021 vil sjølvsagt spegle tusenårsjubileet.

Jubileumsåret blir runda av med ei erfaringskonferanse i desember. Dette er også det tolvte og siste arrangementet i arrangementsserien «No ljosnar Gudbrandsdalen».

– Parallelt med desse tidfesta satsingane er det fleire prosjekt som går over lengre periodar gjennom jubileumsåret: Kunstprosjekt, skule- og barnehageprosjekt, georadarprosjektet, gjenstandsutstilling og ei stor satsing på digital formidling, fortel Sletten som oppmodar alle om å følgje med på Hundorp2021.no framover for fleire detaljar.





## Oppgraderer rørsystemet

Sør-Fron kommune jobber for tiden med utskifting av gamle vannrør av asbestsement fra 1966 på en strekning på ca. 400 meter i Lia.

Den gamle løsningen med drikkevann- og kloakkledninger i samme kum blir nå også delt med separate kummer.

– Arbeidet utføres ved at det gamle vannrøret sprenges ut og ny vannledning av plastmateriale med tilsvarende dimensjon trekkes inn. Denne metoden ble valgt hovedsakelig fordi ledningstraseen ligger veldig nær bebyggelse, som gjør det vanskelig å grave hele veien, opplyser kommunalteknisk avdeling.

Resultatet vil bli større leveringssikkerhet og tryggere hygienisk kvalitet på vannforsyningen i Lia, da dette er en del av hovedledningen mellom vannverket og høydebassenget.



Rådmann Rune Fromreide Sommer.

## Innkjøps- og ansettelsesstopp

På bakgrunn av den økonomiske situasjonen i inneværende år, besluttet rådmannen i slutten av august å innføre innkjøps- og ansettelsesstopp i Sør-Fron kommune med umiddelbar virkning.

Alle ansatte ble informert om avgjørelsen onsdag 02.09.2020.

Formannskapet i Sør-Fron ble orientert om avgjørelsen under sitt møte 27.08.2020. Kommunestyret og de tillitsvalgte ble informert samme uke.

- Budsjettsituasjonen for Sør-Fron kommune i inneværende år er svært krevende. Manglende statlig kompensasjon for utgifter i forbindelse med covid-19-pandemien, svikt i skatteinntekter som en direkte følge av pandemien samt svikt i inntekter fra salg av konsesjonskraft, gir store utfordringer for videre drift i 2020, sier rådmann Rune Fromreide Sommer.

Innkjøpsstopp gjelder i hovedsak for alle innkjøp av varer og tjenester som ikke er strengt påkrevd og da vurdert opp mot å få lovpålagt drift gjennomført. Stillinger skal i størst mulig grad holdes vakant, og nyansettelser skal som tidligere vurderes strengt og av rådmannen.






# Meir utforsking og skaping i skulen med nye læreplanar

Hausten 2020 fekk heile Noreg nye læreplanar for skulen. Sørfronskulane er godt førebudd, og møter dei nye læreplanane gjennom fellessatsinga «Sør-Fronsdiamanten».

























Dei viktigaste endringane i nye læreplanar er summert opp i diamantens grøne felt. Målet er at fleire skal forstå faga betre og oppleve meir meistring.

Dei raude felta i Sør-Fronsdiamanten utgjer område skuleleiinga ser på som viktige for å ta tak i utfordringane skulane har, og som blir synleggjort gjennom ulike elevundersøkingar kvart år. Skulane våre scorar godt på viktige parametrar som trivsel og psykososialt miljø. Dette vil vi ta vare på og utvikle vidare gjennom nye former å lære på.

Sør-Fronskulane har lenge arbeidd mykje med fag på varierte måtar og brukt nærmiljøet ein god del. Gjennom satsinga «Sør-Fronsdiamanten» er intensjonen å gjere dette på ein meir heilskapleg måte frå barnehage og opp til og med 10.klasse. I denne utgåva av Sør-Frøningen viser vi nokre døme på korleis skulane arbeider med dette:

### #visitsørfron

I vår var uroa stor for alle, og ikkje minst næringslivet grunna corona-pandemien. Dette hadde #visitlillehammer laga ein reklamefilm om. På Midtbygda skule såg vi filmen og prata om korleis vi kunne få folk til å kome til Sør-Fron. Elevane kom fram til at dei ville lage ein film der dei skulle vise fram noko av det som er spesielt for Sør-Fron, nettopp for å få folk til å komme hit. Dei kom fram til ulike plasser dei ville vise fram, og at dei ville kalle filmen #visitsørfron. Gjennom prosjektet vart elevane meir kjende med bygda vår, dei oppdaga nye plassar og lærte om kvifor det er viktig at folk kjem hit. Dei vart stolte av alt det fine vi har på Sør-Fron og ville vise det fram til andre. Ved å bruke film som verktøy kan alle delta, noko som gjer at medverknad og meistring blir stor. Dei avslutta prosjektet med ein premierefest der filmen vart synt fram for ulike aktørar i lokalmiljøet og delt på sosiale medier.

### Kunstnarbesøk

Midtbygda skule fekk Kriblemidlar for å få kunstnaren Kari Hegdahl til skulen i haust. Ho er kjend under namnet «Karistreker» på Instagram og Facebook. Småskulen fekk eksperimentere med fargar og vatn, og så bruke fantasien og kreativiteten sin til å finne ulike dyr i måleria. Mellomsteget fekk inspirasjonstriggaren «sau». Det passa ekstra godt å ta utgangspunkt i sauen fordi mange på Sør-Fron som er involverte i sauesanking i fjellområda våre i desse tider. I dette prosjektet fekk elevane vera aktive, skapande og utforskande rundt noko dei har god kjennskap til, og vart rettleia av ein «ekte» kunstnar. Dette motiverte og ga flotte resultat!

### Handverk og hage

På Sør-Fron ungdomsskule er dei også i gang med fleire prosjekt som opnar for nye måtar å lære på. Dei har mellom anna dyrka eigne grønsaker, rigga vatningsanlegg for å ivareta vatning gjennom sommarferien og nytta u-reiste grønsaker i mat- og helsefaget. Kunstsamarbeidet med Ola Sendstad, Harpefoss hotell er også starta opp. Prosjektet «Håndverkets landskap» fekk stønad gjennom Sparebankstiftelsen i vår. Vi er i gang med med å installere eit uterom i skulegarden der elevene har delteke i både utvikling og utforming av området «Glasmestermoen». Fokus er bruk av tradisjonshandverk og byggekunst i ein permanent installasjon av stein og tørrmuring. Gunnar Holst, lokal håndverkar, har bidrege med kunnskap og ferdigheiter i murerfaget. Elevane har dermed fått både praktisk, teknisk, skapande og estetisk læring, i tillegg til å delta i samarbeid med ressursar frå ulike fagområde og kvarandre.

## Informasjon og opningstider

**Her finn du oss!**
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron
www.sor-fron.kommune.no

**Servicekontoret**
**E-POST:** postmottak@sor-fron.kommune.no
**TELEFON:** 61 29 90 00
**OPNINGSTIDER:**
Måndag–fredag: kl. 09.00–14.00.

**Biblioteket**
**E-POST:** bibliotek@sor-fron.kommune.no
**TELEFON:** 61 29 91 40
**OPNINGSTIDER:**
Måndag: kl. 12.00–19.00
Tysdag: Stengt
Onsdag: kl. 10.00–15.00
Torsdag: kl. 10.00–15.00
Fredag: Stengt

**Returadresse:**
Sør-Fron kommune
Kommunevegen 1, 2647 Sør-Fron

NORGE P. P.
posten

